

Stopp-plass snart på Ljosnes?

17.10.2007



Snart blir det stopp-plass for buss på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ljosnes har fått eit lys ved riksvegen, men enno ikkje nokon stopp-plass for buss. Erlend Moen har purra på dette, og no har han fått svar frå saksbehandlar Ivar Kåre Døsland.

Han skriv at det ikkje er midlar til dette tiltaket i årets budsjett, difor har dei bedt om at det vert avsett midlar i budsjettet for 2008.

- Straks vi har eit positivt budsjettvedtak vil vi, i samråd med Statens vegvesen, gå i gang og byggja stopp-plass for av- og påstigning på buss, skriv Døsland. Han forstår det slik at grunnspørsmål ikkje vil skapa problem for gjennomføring av tiltaket.